

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtestad:** Hotell Ullensvang  
**Dato:** 16.11.2016 kl. 12.00 - 14.55  
17.11.2016 kl. 09.00 - 14.35

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	16.11: frå kl. 13.20
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim /	Fylkesdirektør opplæring
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 260/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 261/16	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 262/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 165/16	Voss kollektivknutepunkt - oppstart av prosjekt	2015/10415	
RS 166/16	Satsing på Bybane Sjø	2015/8272	
RS 167/16	Låg- og nullutsleppsteknologi i vegtrafikken - tiltak og fylkeskommunale verkemidler	2016/11173	
RS 168/16	Svar på spørsmål - driftsutfordringar for Bybanen	2015/3001	
RS 169/16	Svar på oversending - oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trase for E39	2015/3001	
RS 170/16	Midtvegsrapport frå mobbeombodet	2016/10915	
RS 171/16	Korleis kan Hordaland fylkeskommune bidra til ei tryggare russefeiring	2016/10616	
RS 172/16	Oppseiing av avtale mellom Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels	2014/24696	
RS 173/16	Melding om administrative endringar i lokal forskrift om inntak og formidling	2015/10391	
RS 174/16	Rapportering frå årsmøtet i Nordsjøkommisjonen	2014/22155	
RS 175/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. november 2016	2015/10348	
PS 263/16	Delegerte saker		
DS 8/16	Refinansiering av obligasjonslån 360 mill. kr	2016/2314	
DS 9/16	Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr	2016/2314	
PS 264/16	Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020	2016/5571	
PS 265/16	Rekneskapsrapport pr. oktober 2016.	2016/32833	
PS 266/16	Reglement for finansforvaltninga	2014/927	
PS 267/16	Godkjenning av tre prosjektrekneskap	2015/12709	
PS 268/16	Bymiljøavtale for Bergen - statlege krav for å starte forhandlingar	2014/54	
PS 269/16	Forskrift om mellombelse bompengetakstar i Bergen - høyring	2016/4913	
PS 270/16	Uttale - Konseptvalutgreiing (KVU) for Rv7 og Rv52, Gol - Voss	2014/16667	
PS 271/16	Fråsegn til søknad frå Nettbuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Masfjorden - Ålesund	2016/1162	
PS 272/16	Trafikkplan Nordhordland	2015/12222	
PS 273/16	Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune om utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane	2016/8804	
PS 274/16	Eit framtidsretta skuletilbod for ungdom frå Etne	2014/23406	
PS 275/16	Tertnes vgs - Forprosjekt	2016/723	
PS 276/16	Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg	2016/4130	

PS 277/16	Framlegg til nye vedtekter for NDLA	2014/10130	
PS 278/16	Ny inntaksmodell til vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune frå skuleåret 2017/2018.	2016/8071	
PS 279/16	Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement - mindre endringar	2016/3905	
PS 280/16	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16	2016/300	
PS 281/16	Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016	2016/2443	
PS 282/16	Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020	2015/248	
PS 283/16	Evaluering av resultatmål i "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland"	2015/11246	
PS 284/16	Servicebygg Jondal ferjekai - fylkeskommunal løyving	2016/3117	
PS 285/16	Handlingsprogram 2017-2020 Kollektivstrategi for Hordaland	2014/278	
PS 286/16	Sak om forlenging og oppgradering av trolleylinja i Bergen	2016/1081	
PS 287/16	Høyring om Vegdirektoratet sine tilrådingar om tiltak for utvikling av ferjemarknaden på lang sikt	2016/9551	
PS 288/16	Søknad om tilskot til ferjesambandet Breistein-Valestrand	2016/5238	
PS 289/16	Barn som lever i fattigdom - tiltak	2015/12196	
PS 290/16	Årleg lønsregulering for fylkesrådmannen	2016/5300	X
PS 291/16	Ymse		

## **PS 260/16 Godkjenning møteinnkalling**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 16.11.2016**

Fylkesordføraren gjorde merksam på følgjande:

- 16.11.2016 er det budsjettkonferanse
- 17.11.2016: Av omsyn til publikum vert PS 270/16 Uttale - Konseptvalutgreiing (KVU) for RV7 og RV52, Gol - Voss behandla kl. 11.00.

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 261/16 Godkjenning møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 16.11.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 20.10.2016 vart godkjend utan merknader.

## PS 262/16 Referatsaker (meldingar)

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

I samband med RS 170/16 «Midtvegsrapport frå mobbeombodet» bad **Aud Karin Oen (SV)** om at sluttrapporten vert lagt fram som sak.

I samband med RS 167/16 «Låg- og nullutsleppsteknologi i vegtrafikken - tiltak og fylkeskommunale verkemidlar» foreslo **Aud Karin Oen (SV)** at problemstillinga vert løfta opp som sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet. Fylkesutvalet slutta seg samrøystes til dette.

#### Vedtak

Referatsaker 165-175/16 vart refererte.

## PS 263/16 Delegerte saker

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 16.11.2016

#### Vedtak

Delegerte saker 8-9/16 vart refererte.

## PS 264/16 Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020

### Forslag til innstilling

1. a) Investeringsbudsjettet for 2017 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 246 300
Tilskot og refusjonar m.m.	1 220 500
Salsinntekter	10 000
Midlar frå driftsbudsjettet	70 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 546 800</b>

Disponert slik:

Bybaneutbygging	300 000
Fylkesvegar	1 463 800
Andre samferdselsføremål	172 000
Kultur	3 000
Tannhelse	10 000
Opplæring	535 000
Fellesfunksjonar	58 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 541 800</b>

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 546 800</b>

b) Driftsbudsjettet for 2017 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 370 000
Finansutgifter	netto 736 600
Avsetjingar	netto 25 000
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	70 000

TIL FORDELING DRIFT	5 538 400
---------------------	-----------

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto	218 809
Eigedom	netto	222 000
Regional utvikling	netto	84 000
Samferdsel	netto	1 866 684
Kultur og idrett	netto	199 029
Tannhelse	netto	203 000
Opplæring	netto	2 718 736
Fellesfunksjonar	netto	-22 587
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto</b>	<b>5 489 671</b>

Tillegssløyvingskonto	2 829
Lønsavsetjing	45 900
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>	<b>48 729</b>

## 2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 246,3 mill. kr.

## 3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	79 650
Stønad pr. representant i gruppa	kr	44 730
Frikjøp pr. representant	kr	43 610

## 4. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.17.

## 5. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 94.  
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.  
Ferjetakstane følgjer riksregulativet.

## 6. Avsetjing av overskot til disposisjonsfond

Fylkestinget godkjenner endring av ordninga med avsetjing til disposisjonsfond slik at føresetnaden for at skular og tannklinikkar får avsetje overskot til disposisjonsfond er at sektoren samla ikkje går med underskot. Endringa tek til å gjelde frå og med avslutting av rekneskapen for 2016.

## Økonomiplanen for 2017-2020

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt forslag (a på vegner av Frp, H, V, MDG, KrF, Sp, Ap, SV, R:

«Utval for opplæring og helse tek rådmannen si innstilling til orientering.»

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt oversendingsforslag (b til fylkesutvalet:

«Utvalet merker seg at rådmannen varslar gjennomgang av investeringar i mars 2017. Dette til tross for at framlegget baserer seg på ny skulestruktur og konsekvens av denne.

Utval for opplæring og helse er redd for at endring vedkomande avsettingar til fond og inndraging av fondsmidlar kan bidra til negativ effekt.

Utval for opplæring og helse er uroa for dei nedtrekk som det leggjast opp til innan opplæring. Fylkeskommunen har sett seg mål om høgare gjennomføring. Skal dette lukkast vil det krevje ressursar.

Utvalet minner og om at det er behov for midlar til fornying av utstyr og maskinar i dei vidaregåande skulane.»

### **Røysting**

Stenseide sitt forslag (a vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Utvalet slutta seg til at Stenseide sitt forslag (b vert sendt til fylkesutvalet utan realitetshandsaming.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utval for opplæring og helse tek rådmannen si innstilling til orientering.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A og H fram slikt forslag:

«Utvalet tek budsjettframlegget til orientering. Partia kjem med endringar under handsaming av saka i fylkesutvalet.»

### **Røysting**

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utvalet tek budsjettframlegget til orientering. Partia kjem med endringar under handsaming av saka i fylkesutvalet.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.11.2016**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og vil koma attende til budsjett 2017 i fylkesutval og fylkesting.»

### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og vil koma attende til budsjett 2017 i fylkesutval og fylkesting.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 16.11.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, SV, V og MDG fram slikt forslag:

### «Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

<b>«INNTEKTER DRIFT</b>	<b>Kroner</b>	
Udisponerte midlar i rådmannen sitt framlegg	kr	20 000 000
Mindre konsulentbruk	kr	5 000 000
Effektivisering drift	kr	5 000 000
Auke "Konsesjonskraftinntekter"	kr	5 000 000
Reduksjon reiseverksemd, auka bruk av videokonferanse for tilsette i Hordaland fylkeskommune	kr	2 000 000
Avsette midlar utrøving nye betalingsløyisingar om bord på bussar i distriktet	kr	2 000 000
Auka billettinntekter ved fleire kollektivreisande	kr	1 120 000
<b>TOTALE INNTEKTER DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>40 120 000</b>

<b>UTGIFTER DRIFT</b>	<b>Kroner</b>	
Miljø og samferdsel		
Fjerne ordninga med nattakst	kr	9 000 000
Utvide øvre aldersgrense for ungdomskortet med 1 år	kr	9 000 000
Førebuing og implementering av ny sonestruktur med verknad frå 2018	kr	2 000 000
Forprosjekt miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen	kr	1 000 000

<b>Opplæring og helse</b>	<b>Kroner</b>	
Redusert eigenandel skule-pc	kr	3 000 000
Ernæring i skulen. Skulefrukost til elevar, prioritert skular med høgt fråfall	kr	3 000 000
Lærekandidatordninga	kr	2 100 000
Styrke skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular	kr	2 000 000
Tannhelse, reduksjon eigendel for ungdom mellom 20 og 21 år	kr	1 000 000
Sjølvforsvarskurs for jenter	kr	250 000
Lærlingkonferanse Grieghallen	kr	200 000
Raftostiftelsen	kr	160 000

<b>Kultur, idrett og regional utvikling</b>	<b>Kroner</b>	
Handlingsmidlar Klimaplanen	kr	4 000 000
Prosjekt folkehelse: Samarbeid med kommunane:	kr	500 000
Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar	kr	400 000
Fyllingsdalen teater	kr	300 000
Søknadsbaserte tilskot til miljøorganisasjonane	kr	250 000
Fossegrimen på Voss	kr	220 000
Liv og lyst	kr	200 000
Kirkelig dialogsenter	kr	200 000
Arboretet på Minde	kr	200 000
Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire tellepunkt	kr	200 000
Turistsatsing-sykkel Hellesøy-Fedje	kr	150 000

Bergen og omland friluftsråd	kr	130 000
FFO, funksjonshemmedes fellesorg	kr	120 000
Kystsogevekene	kr	100 000
Bømlo Teater. Prosjekt 2024	kr	100 000
Det akademiske kvarter	kr	100 000
Edvard Grieg kor	kr	100 000
Friluftsrådet vest	kr	70 000
Fortidsminneforeningen	kr	50 000
Ungdommens fylkesutval	kr	20 000
<b>TOTALE UTGIFTER DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>40 120 000</b>
<b>BALANSE DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>-</b>

<b>INNETEKTER INVESTERING</b>		
Midlar frå disposisjonsfond	kr	40 000 000
<b>TOTALE INNETEKTER INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>40 000 000</b>

<b>UTGIFTER INVESTERING</b>		<b>Kroner</b>
Punktutbetring/trygge skulevegar	kr	20 000 000
Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane	kr	4 250 000
Busstur i Bergen, og tiltak venteskur hurtigbåt Askøy og Nordhordland	kr	4 250 000
Medfinansiering til kommunane ved bygging av fleirbrukshall	kr	4 000 000
Folkefest Sykkel-VM	kr	2 500 000
Campus Bergen	kr	2 000 000
Forsøksprosjekt sykkelparkering, søkbar pott for vidaregåande skular	kr	2 000 000
Toppidrettsanlegg, reversering av nedtrekk	kr	1 000 000
<b>TOTALE UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>40 000 000</b>
<b>BALANSE INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>- »</b>

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

#### «Budsjett 2017. Økonomiplan 2017-2020. Hordaland fylkeskommune

##### 1. Innledning

Høyre fremmer med dette sitt budsjettforslag for 2017 og økonomiplan 2017-2020. Budsjettet er delt i to deler; - en talldel og en tekstdel med føringer til fylkesadministrasjonen.

##### 2. Generelt

Høyre viser til fylkesrådmannens budsjettforelegg for 2017 og økonomiplan for 2017-2020. Høyre støtter fylkesrådmannens forslag å kutte betydelig i driftsbudsjettet. Dette er nødvendig for å få kontroll over den økende gjelden i fylkeskommunen. Høyre ønsker derimot en enda høyere effektivisering av administrasjonen og legger derfor opp til en innsparing på 20 millioner i budsjettet. Hordaland fylkeskommune må i årene som kommer fortsette denne effektivisering, samtidig som en bør ha en gjennomgang av støtte som utbetales til lag og organisasjoner. Høyre er av den mening at også disse aktørene må være en del av den helhetlige besparelsen som er helt nødvendig i fylkeskommunens økonomiske situasjon.

##### 3. Driftsbudsjettet

###### 3.1 Opplæring og helse

Fylkeskommunen har ansvar for den videregående skolen. Dette er en oppgave som krever langsiktighet og handling på samme tid. En av utfordringene er at en for stor andel av elevene ikke fullfører sitt påbegynte utdanningsløp. Derfor er Høyre glad for at regjeringen har innført en ny fraværregel. Høyre



ønsker også å øke satsningen på kompetanse hos lærerne og setter derfor av mer midler for kompetanseplanen.

Høyre ønsker å redusere overkapasiteten av lokaler på Nye Voss videregående skole. Høyre foreslår derfor å leie ut ledige lokaler til Voss kommune.

Høyre ønsker også å øke prisene for private brukere av fylkeskommunens tannhelsetjeneste, med 10%. Dette vil medføre en merinntekt for fylkeskommunen på omtrent 2,9 millioner kroner.

### *3.2 Samferdsel*

Den økonomiske rammen til drift og vedlikehold av fylkesveier er i forslag til budsjett satt opp med en økning på 2,8% til 505 millioner kroner.

Høyre mener at det må satses mer på dette området. I fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg er det foreslått 38 mill. kr. til dekkelegging av fylkesveier. Det tilsvarer 60 km ny asfalt. Høyre foreslår mer enn en dobling av denne posten, og øker rammen til dekkelegging av fylkesveier med 45 mill. kr. til 80 mill. kr. Det innebærer ca. 130 km ny asfalt på fylkesveiene.

Antall reisende som nytter kollektivtransport er økende. Det er svært positivt. Høyre ønsker å gjøre kollektivtilbudet enda mer attraktivt, og vil derfor legge til rette for mer og bedre muligheter for pendlere å benytte seg av innfartsparkering. Høyre har derfor satt av 3 millioner for videre satsing på innfartsparkering.

Høyre ønsker også en ny sone-struktur i fylket velkommen og setter derfor av midler til forberedelse og implementering av en ny sone-struktur. Det er viktig for pendlere å kunne benytte seg av muligheten til å kjøpe billett i telefon-app, og Høyre setter derfor av 5 millioner til forberedelse av ny sone-struktur, samt utvikling av en ny billett-app som må virke i hele fylket.

Høyre vil også utsette den foreslått takstøkningen for fylkesfergene, som i budsjettet for 2017 er foreslått på 7,8%. Høyre foreslår her en økning lik med konsumprisindeksen.

### *3.3 Kultur og idrett*

På grunn av den vanskelige økonomiske situasjonen fylkeskommunen befinner seg i, er Høyre dessverre nødt til å stramme inn på midler som er planlagt til forskjellige kulturelle formål. Derimot ønsker Høyre at den fylkeskommunale støtte til Fossegrimen Orkester, som har vært en del av tidligere budsjett, inkluderes i budsjettet for 2017.

### *3.4 Regional utvikling*

Høyre ønsker å ta ut lokalsamfunnsutviklingsprogrammet LivOGLyst i budsjettet for 2017.

### *3.5 Inndekning*

Økt satsing på vei, innfartsparkering, kompetanseplan og Fossegrimen dekkes ved kutt og besparinger i driftsbudsjettet. Høyre foreslår derfor følgende endringer i forslag til driftsbudsjett:



Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

## «Budsjet 2017 / Økonomiplan 2017-20. Hordaland fylkeskommune

### Drift

• Ny forenkla sonestruktur kollektiv (buss)	35 mill.
• Auka fylkesvegvedlikehald – reasfaltering 100 km	60 mill.
• Reklamefinansiering kollektiv (inntekt)	25 mill.
• Full pris for EI-bil på ferje	
• Auka satsing på innfartsparkering	5 mill.
• Generell styrking vidaregåande skular	10 mill.
• Pøbel-prosjekt i Hordaland	0,5 mill.

### Investering

• Trygg skuleveg fylkesvegar, mindre prosjekt	15 mill.
• Utstyr Fagskulen i Hordaland (2017 og – 18)	10 mill.
• Utstyr vidaregåande skular (yrkesfag)	10 mill.

### Generelt

FrP legg med dette fram Budsjet 2017/Økonomiplan 2017-20. Framlegget byggjer på fylkesrådmannens budsjettokument av oktober 2016.

HFk har aukande gjeld, og må skaffa handlingsrom i driftsbudsjettet til framtidig auke i renter og avdrag. Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn lagt fram eit stramt budsjett med fleire tiltak for å stabilisera/redusera gjeldsgraden over tid, m.a. auka avdragsbetaling og signal om utsetting av investeringsprosjekt. FrP støttar fylkesrådmannen i hovudstrategien, men vil p.t. ikkje signalisera støtte til utsetting av planlagde investeringsprosjekt på fylkesvegnettet og i vidaregåande skule.

### Driftsbudsjettet

FrPs framlegg til endringar i driftsbudsjettet går fram av tabellen under;

	2017	2018	2019	2020
Udisponerte midler i fylkesrådmannens framlegg	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Konsesjonskraftinntekter (netto kr 45 mill pr år)	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Generell reduksjon administrasjon - effektivisering	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Reduksjon i avsetning fond premieavik pensjon	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
<b>Miljø og samferdsel</b>				
Inntekter reklame Bybane/Skyss	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Ny forenklet sonestruktur - kollektiv (buss)	1 000	35 000	35 000	35 000
Full pris el-biler på ferje	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Innfartsparkering	5 000	5 000	5 000	5 000
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	60 000	25 000	25 000	25 000
<b>Opplæring og helse</b>				
Generell styrking vidaregåande skole	10 000	10 000	10 000	10 000
Salg av Manger folkehøgskule	-1 700	-3 400	-3 400	-3 400
Pøbel-prosjektet	500	500	500	500
<b>Kultur, idrett og regional utvikling</b>				
Fyllingsdalen teater	500	500	500	500
Oppstart Sunnhordland Maritime Industrimuseum	500	500	500	500
Litlabø-gruvene	100	100	100	100
Stiftelsen Bryggen	100	100	100	100
Tellevik Kystfort	500	500	500	500
Espeland Fangeleir	200	200	200	200
Nedtrekk Musikkføremål (fylkesmusikarordninga)	-2 000	-3 200	-3 200	-3 200
Disriktsmusikarane	-500	-500	-500	-500
Dyrebeskyttelsen Hordaland	100	100	100	100
<b>Sum (økt overskott - overføres investeringsbudsjett)</b>	<b>-1 700</b>	<b>-5 600</b>	<b>-5 600</b>	<b>-5 600</b>

Nedanfor vil vi kommentere nokre av prioriteringane nærare.

## **Samferdsel – kollektiv og fylkesvei**

### *Forenkla sonestruktur - kollektiv*

FrP vil gjera kollektivtilbodet med buss attraktivt i heile fylket. Ny og forenkla takst- og sonestruktur har vore utgreidd av eiga politisk arbeidsgruppe i 2016. Deira tilråding er ein struktur med 8 soner, noko som vil gje rimelegare kollektivreiser i distrikta, forenkla tilbodet og leggja til rette for eit moderne system for kjøp av billetter i heile fylket. Pr. i dag er det t.d. berre i Bergen ein kan kjøpa mobilbillett via Skyss-appen. Hordaland fylkeskommune må hengja med i teknologiutviklinga og tilby likeverdige og forbrukarvenlege kollektivtenester i heile fylket. Tiltaket kan starta opp 1.februar 2018, og vil ha ein årskostnad på 35 mill kr.

### *Kollektiv – reklamefinansiering*

FrP legg til grunn at HFK før valet 2015 hadde inngått avtale med JCDecaux om avgrensa reklame på bussar og bybanen – fase 1. Denne gjev HFK ei forventta inntekt på ca 7 mill pr år. I fase 2 var det planlagt å leggja leskur, bysykkklar og bymøblar ut på anbod. Verdien av fase 2 var rekna til 13-30 mill kr årleg. Diverre valde det ny politiske fleirtalet i Hordaland fylkeskommune (AP, SP, KrF, SV) å kansellera prosjektet, og dermed gje i frå seg desse årlege inntektene.

FrP legg til grunn at avgrensa reklame i kollektivsektoren gjev viktige inntekter til HFK, - noko som gjev oss i stand til å auka ruteproduksjonen og betra servicenivået på kollektivtilbodet i fylket. I ei tid med økonomiske utfordringar for fylkeskommunen er dette ei unytta inntektsgjelde. FrP vel difor å budsjettera med 25 mill kr i inntekt frå reklamefinansiering i heile økonomiplanperioden. Dette er eit konservativt anslag på inntektpotenisalet.

### *Innfartsparkering*

FrP aukar løyvinga tilinnfartsparkering med 5 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Midlane kan også nyttast til spleiselag med kommunar og næringsliv for å auka parkeringskapasiteten for pendlarar i Bergen og omegn.

### *Fylkesveg – auka reasfaltering*

FrP vil oppretthalda eit høgt vegvedlikehald på fylkesvegane våre, og set av 60 mill kr ekstra til reasfaltering 2017, og deretter 25 mill kr pr år i perioden 2018.20. Dette vil auka reasfalteringa av fylkevegnettet med ca 100 km i 2017. Likevel er ein langt unna å dekkja opp for det reelle vedlikehaldsbehovet på fylkesvegnettet for 2017. Budsjettdokumentta syner til eit behov på heile 319,7 mill kr mot budsjetterte 73,5 mill kr.

## **Opplæring og helse**

FrP meiner Hordaland fylkeskommune må konsentrera si eiga tenesteproduksjon om lovpålagde oppgåver, og vil difor gå inn for sal av Manger folkehøgskule.

FrP legg inn 10 mill kr til generell styrking av vidaregåande skule. Sektoren står overfor store omstillingsprosessar i høve ny Skulebruksplan for Hordaland, og driftsbudsjetta er pressa. I tillegg let vi buffer-/strukturfondet på 15 mill kr som fylkesrådmannen har satt av til opplæringssektoren stå til disposisjon gjennom 2017.

FrP ynskjer også at Hordaland fylkeskommune, evt. i saman med Bergen kommune, etablerer eit samarbeid med organisasjonen Pøbelprosjektet.

Pøbelprosjektet arbeidar for å fremja folks høve til å realisera seg sjølv og sine ynskjer om ein jobb slik at dei kan klara seg sjølv. Prosjektet kan vise til sær gode resultat, og er etablert i andre storbyar som Oslo og Stavanger. FrP legg inn 0,5 mill kr i budsjettet for å styrkja unges høve til sjølvstende og arbeid. Saman med kommunane sine øvrige arbeidstiltak kan Pøbelprosjektet bidra til ei ynskja utvikling der færre unge har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Målet er å stimulera deltakarane i prosjektet til aktiv deltaking i samfunnet gjennom utdanning eller arbeid. Forsøksprosjektet kan sjåast i samheng med tiltak for å hindra fråfall i vidaregåande skule. Fremskrittspartiet meiner difor det er naturleg at eit slik prosjekt vert vurdert gjennomført i samarbeid med Bergen kommune. Hyssingen produksjonsskule kan i denne samheng også vere ein interessant samarbeidspart.

## **Kultur, idrett og regional utvikling**

FrP legg inn mindre postar til eit rekkje tiltak under dette tenesteområde, og vil her spesielt peike på kr 500 000 i tilskot til Fyllingsdalen teater som er trua av nedlegging. Denne type private kulturinstitusjonar, som i stor grad er basert på frivilligheit får etter FrPs syn for lite merksemd og støtte frå offentleg sektor. Beskjeden økonomisk støtte til slike tiltak gjev stor aktivitet og samfunnsgevinst.

## **Finansiering - drift**

Tiltaka over vert i hovudsak finansiert med udisponerte midlar i budsjettframlegget, generell effektivisering administrasjon, redusert avsetning til pensjonsfond knytt til premieavvik, reklame i kollektivsektoren og auka konsesjonskraftinntekter.

## **Investeringsbudsjett**

FrP gjer berre mindre endringar i investeringsbudsjettet for Økonomiplanperioden 2017-20;

	2017	2018	2019	2020
Investering utstyr Fagskolen i Hordaland	10 000	10 000		
Investering utstyr videregående skole	10 000	10 000	10000	10000
Trygg skuleveg - fylkeveier, mindre investeringer	15 000			
Økt eiendomssalg	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000
<b>Sum (mindre låneopptak)</b>	<b>-</b>	<b>-15 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>

Det vert sett av 15 mill kr i 2017 til satsing på Prosjekt «Trygg skuleveg» - mindre utbetringstiltak på fylkesvegnetter.

På skuleområdet trekk legg vi inn 10 mill kr i 2017- og 18 til investering i utstyr til Fagskulen i Hordaland . Tilsvarende får yrkesfag i vidaregåande skule auka posten til investering i utstyr med 10 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Skal fagutdanninga og yrkesfaga gje relevant utdanning for våre ungdommar er det avgjerande at dei kan halda seg oppdatert på nytt teknisk utstyr og maskiner i undervisninga. FrP meiner HFK framleis sit på eigedommar som kan seljast, og legg inn ein auke i forventa salsinntekt på 35 mill kr pr år i økonomiplanperioden. Ein viser også her til verbalforslag under.

## **Verbalframlegg**

FrP set fram fire verbalforslag som ein ynskjer separat votering over ved handsaming av budsjettet i fylkestinget.

### **A. Aktiv utvikling og sal av fylkeskommunale eigedommar**

Hordaland fylkeskommune sit på ei rekkje eigedommar som ein ikkje har planar om å nytta i eigen tenesteproduksjon. Eksempel på dette er bustadeigedom v/Kysthospitalet i Hagavik (Os), Fana Gymnas, Hjeltnes vgs og Valen Kraftverk.

For å redusere lånegjelda og oppretthalde framdrifta for naudsynte investeringsprosjekt innan skule, tannhelse og samferdsel er det naturleg å sjå på aktivasida i balansen til Hordaland fylkeskommune. Eigedommar, og evt. selskap, som fylkeskommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon bør vurderast for sal. I ein skilde høve vil det være aktuelt å utvikla eigedommane for å maksimera verdiane før sal, t.d. gjennom omregulering til bustad- eller næringsformål.

Fylkestinget ber på denne bakgrunn om å få seg førelagt ei politisk sak med opplisting av eigedommar som er aktuelle for sal, og eventuelle tiltak for å utvikla eigedommane for sal.

### **Framlegg til vedtak:**

Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen leggja fram ein samla oversikt over eigedommar/selskap som ikkje skal nyttast i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen. Saka må innehalda beskriving av eigedommane, verdivurdering og eventuelle utviklingstiltak for å maksimera verdien før sal.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja saka til handsaming i Hordaland fylkesting parallelt med nytt framlegg til investeringsprogram i mars 2017.

## **B. Endringar i ordninga med fondsavsetting v/vidaregåande skular**

Fylkesrådmannen legg i budsjettokumentet opp til ei vesentleg endring av ordninga med høve til fondsavsetting på vidaregåande skular som går med overskot. I den nye modellen er det ein føresetnad at opplæringssektoren som heilskap går med overskot før einskild skular skal kunna få setja av overskot på fond. Fylkestinget er uroa over kva effektar dette kan få for budsjett disiplinen ved dei ulike skulane og den samla økonomiske konsekvensen for Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil difor be om at eventuelle endringar i ordninga med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert og lagt fram for endeleg handsaming i eiga politisk sak.

### Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting tek ikkje stilling til endringar i ordninga med fondsavsetningar ved dei vidaregåande skulane som del av budsjettvedtaket. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja eiga sak der eventuelle endringar i modellen med fondsavsetningar vert konsekvensvurdert.

Fylkesrådmannen vert beden om å fremja sak til handsaming i Hordaland fylkesting 1. halvår 2017.

## **C. Superbuss til Åsane**

Hordaland fylkeskommune har overtid testa ut såkalla superbussar med stor kapasitet i Bergen syd. Fylkestinget ser dette som eit spanande konsept, og vil be om at fylkesrådmannen tek initiativ til å få etablert tilsvarende tilbod med superbussar i stamlinetraseen mot Åsane. Dette er eit godt alternativ for å auka kollektivkapasiteten i denne korridoren. Om naudsynt må fylkeskommunen etablere samarbeid med Statens Vegvesen om mindre utbetringstiltak på haldeplassar/terminalfasillitetar langs stamvegtraseen mot Åsane. Prosjektet kan finansierast innanfor ordninga med auka belønningssmidlar ti kollektivtrafikken i Bergen.

### Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkesting vil etablere eit tilbod med superbussar i stamlinetraseen Bergen sentrum – Åsane.

## **D. Dyrepoliti i Hordaland**

Forsøksordning med eige dyrepoliti er tidlegare etablert i Sør-Trøndelag og no sist i Sørvest Politidistrikt (Rogaland og deler av Sunnhordland). Fylkestinget ser dette som et særst positivt tiltak for å styrkja dyrevelferden, og vil aktivt arbeida for at også Vest Politidistrikt får etablert ei tilsvarende teneste med dyrepoliti.

### Framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune skal arbeida aktivt for at det vert etablert eige dyrepoliti i Vest Politidistrikt etter modell av forsøksordninga i Sør-Trøndelag og Sørvest Politidistrikt.»

## **Røysting**

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Strømme sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

### Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2017

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

<b>INNEKTER DRIFT</b>	<b>Kroner</b>	
Udisponerte midlar i rådmannen sitt framlegg	kr	20 000 000
Mindre konsulentbruk	kr	5 000 000
Effektivisering drift	kr	5 000 000
Auke "Konsesjonskraftinntekter"	kr	5 000 000
Reduksjon reiseverksemd, auka bruk av videokonferanse for tilsette i Hordaland fylkeskommune	kr	2 000 000
Avsette midlar utrøving nye betalingsløysingar om bord på bussar i distriktet	kr	2 000 000
Auka billettinntekter ved fleire kollektivreisande	kr	1 120 000
<b>TOTALE INNEKTER DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>40 120 000</b>

<b>UTGIFTER DRIFT</b>	<b>Kroner</b>	
Miljø og samferdsel		
Fjerne ordninga med nattakst	kr	9 000 000
Utvide øvre aldersgrense for ungdomskortet med 1 år	kr	9 000 000
Førebuing og implementering av ny sonestruktur med verknad frå 2018	kr	2 000 000
Forprosjekt miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen	kr	1 000 000

<b>Opplæring og helse</b>	<b>Kroner</b>	
Redusert eigenandel skule-pc	kr	3 000 000
Ernæring i skulen. Skulefrukost til elevar, prioritert skular med høgt fråfall	kr	3 000 000
Lærekandidatordninga	kr	2 100 000
Styrke skulehelsetenesta i dialog med kommunane, prioriterte skular	kr	2 000 000
Tannhelse, reduksjon eigendel for ungdom mellom 20 og 21 år	kr	1 000 000
Sjølvsvarsarskurs for jenter	kr	250 000
Lærlingkonferanse Grieghallen	kr	200 000
Raftostiftelsen	kr	160 000

<b>Kultur, idrett og regional utvikling</b>	<b>Kroner</b>	
Handlingsmidlar Klimaplanen	kr	4 000 000
Prosjekt folkehelse: Samarbeid med kommunane:	kr	500 000
Prosjekt, stillingsressurs til bistand for søknad av spelemidlar	kr	400 000
Fyllingsdalen teater	kr	300 000
Søknadsbaserte tilskot til miljøorganisasjonane	kr	250 000
Fossegrimen på Voss	kr	220 000
Liv og lyst	kr	200 000
Kirkelig dialogsenter	kr	200 000
Arboretet på Minde	kr	200 000
Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire tellepunkt	kr	200 000
Turistsatsing-sykkel Hellesøy-Fedje	kr	150 000
Bergen og omland friluftsråd	kr	130 000

FFO, funksjonshemmedes fellesorg	kr	120 000
Kystsogevekene	kr	100 000
Bømlo Teater. Prosjekt 2024	kr	100 000
Det akademiske kvarter	kr	100 000
Edvard Grieg kor	kr	100 000
Friluftsrådet vest	kr	70 000
Fortidsminneforeningen	kr	50 000
Ungdommens fylkesutval	kr	20 000
<b>TOTALE UTGIFTER DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>40 120 000</b>
<b>BALANSE DRIFT</b>	<b>kr</b>	<b>-</b>

<b>INNTEKTER INVESTERING</b>		
Midlar frå disposisjonsfond	kr	40 000 000
<b>TOTALE INNTEKTER INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>40 000 000</b>

<b>UTGIFTER INVESTERING</b>		<b>Kroner</b>
Punktutbetring/trygge skuleveggar	kr	20 000 000
Auke læremiddel/utstyr til dei vidaregåande skulane	kr	4 250 000
Busskur i Bergen, og tiltak venteskur hurtigbåt Askøy og Nordhordland	kr	4 250 000
Medfinansiering til kommunane ved bygging av fleirbrukshall	kr	4 000 000
Folkefest Sykkel-VM	kr	2 500 000
Campus Bergen	kr	2 000 000
Forsøksprosjekt sykkelparkering, søkbar pott for vidaregåande skular	kr	2 000 000
Toppidrettsanlegg, reversering av nedtrekk	kr	1 000 000
<b>TOTALE UTGIFTER INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>40 000 000</b>
<b>BALANSE INVESTERING</b>	<b>kr</b>	<b>-</b>

## PS 265/16 Rekneskapsrapport pr. oktober 2016.

### Forslag til vedtak

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2016 til orientering.

## PS 266/16 Reglement for finansforvaltninga

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vedlagte forslag til finansreglement for Hordaland fylkeskommune.

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.



## **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner vedlagte forslag til finansreglement for Hordaland fylkeskommune.

## **PS 267/16 Godkjenning av tre prosjektrekneskap**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjekta Sørås tannklinikk, Austrheim vgs – rehab. omb. forprosjekt og Årstad tannklinikk - utviding

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjekta Sørås tannklinikk, Austrheim vgs – rehab. omb. forprosjekt og Årstad tannklinikk – utviding.

## **PS 268/16 Bymiljøavtale for Bergen - statlege krav for å starte forhandlingar**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner krav om at 50 % statleg finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen skal ligge til grunn for forhandlingane om 1. generasjons bymiljøavtale for Bergen. Fylkesutvalet vil peike på at den statlege finansieringa må vere eit sentralt tema ved reforhandling av avtalen basert på ny Nasjonal transportplan 2018-2029, når den er vedtatt i Stortinget.
2. Fylkesutvalet stadfester at nullvekst i personbiltrafikken skal ligge til grunn for areal- og transportpolitikken i Bergensområdet og at det vert lagt opp til å gjere vedtak om Regional areal- og transportplan for Bergensområdet på fylkestinget i juni 2017.
3. Med grunnlag i dette vedtaket får fylkesordføraren mandat til å svare ut krav og forventningar til oppstart av forhandlingar om bymiljøavtale for Bergen.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at svarbrevet frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune gjev Samferdselsdepartementet nødvendig grunnlag for å utforme forhandlingsmandat for bymiljøavtale for Bergen, og at alle partar gjer sitt til at ein 1. generasjonsavtale kan kome på plass raskast mogleg.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«(a) Nytt punkt til erstatning for pkt. 3 og 4 i fylkesrådmannens innstilling;

Fylkesutvalet ber om at det vert fremja felles sak til politisk handsaming i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune som skisserer korleis 50 % lokal finansiering av Bybanen skal finansierast i fase 1 mot Fyllingsdalen og evt. i fase 2 mot Åsane.

Saka må skissera ulike modellar for bompengeneinnkreving og takstnivå, samt analysere konsekvensane av den samla bompengebelastinga i heile Bergensregionen knytt til E39 Os-Bergen, Sotrasambandet, Askøypakken, Norhordlandspakken, framtidig ringvei Øst i Bergen og ny bymiljøavtale for Bergen. I tillegg må saka gje estimat for driftskostnadane med planlagt utbygging av Bybanen.

Krav og forventningar til oppstart av forhandlingar om bymiljøavtale for Bergen vert ikkje besvart før ny sak i tråd med dette punktet er politisk handsama i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

(b) Nytt tilleggspunkt;

I det vidare arbeidet med Bymiljøavtale for Bergen skal pendlarkommunane rundt Bergen involverast i prosessen.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

1. «Klimautfordringane er akutte. Noreg må kutte 10 gongar meir enn andre europeiske land. Hordaland har lenge vore det fylke med dei største utsleppa. Bergen har også store utfordringar knytt til framkome og lokal luftforureining. Hordaland er og det fylket i landet som i størst grad har valt å satse på å utvikle grøn teknologi innan ferje og persontransport. Bybanen i Bergen var Skandinavias første Light Rail. Trollebussen som no skal utvidast er den einaste i landet.

Fylkesutvalet ber derfor om at Samferdselsdepartementet gjev Bymiljøavtalen for Bergen status som pilotprosjekt, med særleg høg statleg del for den viktige vidareføringa av Bybana. Fylkestinget ber om at departementet aksepterer ein reforhandlingsklausul som skal verte vurdert i 2018 når kostnadsoverslaga for både Fyllingsdalsbana og bana til Åsane er kvalitetssikra.

Fylkesutvalet meiner at ein ny bymiljøavtale for Bergen også må inkludera ein ny bompengemodell inkludert rushtid, som gir auka finansiering til drift av kollektivtransport og som omfattar fordelar for nullutslepps-bilar. Bompengetakstane skal prisjusterast kvart år.

2. Fylkesutvalet godkjenner krav om at 70 % statleg finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen skal ligge til grunn for forhandlingane om 1. generasjons bymiljøavtale for Bergen. Fylkesutvalet vil peike på at den statlege finansieringa må vere eit sentralt tema ved reforhandling av avtalen basert på ny Nasjonal transportplan 2018-2029, når den er vedtatt i Stortinget.
3. Fylkesutvalet stadfester at nullvekst i personbiltrafikken skal ligge til grunn for areal- og transportpolitikken i Bergensområdet og at det vert lagt opp til å gjere vedtak om Regional areal- og transportplan for Bergensområdet på fylkestinget i juni 2017.
4. Med grunnlag i dette vedtaket får fylkesordføraren mandat til å svare ut krav og forventningar til oppstart av forhandlingar om bymiljøavtale for Bergen.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at svarbrevet frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune gjev Samferdselsdepartementet nødvendig grunnlag for å utforme forhandlingsmandat for bymiljøavtale for Bergen, og at alle partar gjer sitt til at ein 1. generasjonsavtale kan kome på plass raskast mogleg.
6. Fylkesutvalet føreset at bompengeselskapet si gjeld på 5 mrd vert ein del av forhandlingane.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Søviknes til forslag (a) fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga punkt 3 og 4 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V, H) og vart vedteke.

Søviknes sitt forslag (b) fekk 8 røyster (Frp, H, V, MDG, SV) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner krav om at 50 % statleg finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen skal ligge til grunn for forhandlingane om 1. generasjons bymiljøavtale for Bergen. Fylkesutvalet vil peike på at den statlege finansieringa må vere eit sentralt tema ved reforhandling av avtalen basert på ny Nasjonal transportplan 2018-2029, når den er vedtatt i Stortinget.
2. Fylkesutvalet stadfester at nullvekst i personbiltrafikken skal ligge til grunn for areal- og transportpolitikken i Bergensområdet og at det vert lagt opp til å gjere vedtak om Regional areal-

og transportplan for Bergensområdet på fylkestinget i juni 2017.

3. Med grunnlag i dette vedtaket får fylkesordføreren mandat til å svare ut krav og forventningar til oppstart av forhandlingar om bymiljøavtale for Bergen.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at svarbrevet frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune gjev Samferdselsdepartementet nødvendig grunnlag for å utforme forhandlingsmandat for bymiljøavtale for Bergen, og at alle partar gjer sitt til at ein 1. generasjonsavtale kan kome på plass raskast mogleg.
5. I det vidare arbeidet med Bymiljøavtale for Bergen skal pendlarkommunane rundt Bergen involverast i prosessen.

## **PS 269/16 Forskrift om mellombelse bompengetakstar i Bergen - høyring**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet viser til vedtak på fylkestinget, 3. mars 2016, og er i all hovudsak tilfreds med forslag til lokal forskrift for mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.
2. Fylkesutvalet ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetter den lokale forskriften samla, også inkl. § 4, slik at det er mulig å iverksette tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017. Utsett ikraftsetting av § 4 og høve til finansiering av gratis kollektivtransport, vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensing av forureining.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen så snart som råd legge fram ei delegasjonssak om avgjersmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt alternativt framlegg til innstilling;

1. Fylkesutvalet vil gå i mot framlegg til lokal forskrift for mellombels auka bompengetakstar (beredskapstakst) i Bergen.
2. Femdobling av bompengetakstane på dagar med høg luftforureining har ein usosial profil som spesielt vil råka låginntektsgrupper (småbarnsfamiliar og einslege) som er avhengig av bil i høve transport mellom heim, barnehage/skule og arbeidi rushtida. I tillegg vil lokalt næringsliv og varetransport bli sterkt råka av ordninga.
3. Tidlegare vedtak i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune føreset auka kollektivkapasitet og gratis kollektivtilbod på dagar med beredskapstakst. Dette er ein svært utfordrande modell då det ikkje er vesentleg ledig bussmateriell i regionen som kan setjast inn i rushtida. Å byggja opp slik toppkapasitet i rushtida vil ha ein vesentleg kostnad i høve innkjøp av nytt bussmateriell.
4. Fylkesutvalet vil peika på at det er fleire vesentlege kjelder til luftforureininga i kjernen av Bergen sentrum enn biltrafikken, m.a. utslepp frå fartøy med opplag i Bergen Hamn og ved- og oljefyring i private husstandar og institusjonar.»

### **Røysting**

Søviknes sitt forslag punkt 1 og 3 fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 2 og 4 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 10 røyster (A, SP, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet viser til vedtak på fylkestinget, 3. mars 2016, og er i all hovudsak tilfreds med forslag til lokal forskrift for mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.
2. Fylkesutvalet ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetr den lokale forskrifta samla, også inkl. § 4, slik at det er mogleg å iverksetje tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017. Utsett ikraftsetjing av § 4 og høve til finansiering av gratis kollektivtransport, vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrening av forureining.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen så snart som råd legge fram ei delegasjonssak om avgjerdsmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.

## **PS 270/16 Uttale - Konseptvalutgreiing (KVU) for Rv7 og Rv52, Gol - Voss**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet viser til at E134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest utgreiinga synte at E134 med arm (diagonal) til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest konseptet mellom Oslo og Bergen. Med utbygging av E134 med arm frå Odda til Bergen, er det ikkje grunnlag for å bygga ut Rv7 som nasjonalt hovudvegsamband aust/vest.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm (diagonal) frå E134 frå Odda mot Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing på Rv7 over Hardangervidda, føreset fylkesutvalet at dagens ordning med midlertidige stengingar vert oppretthalde og effektivisert. Om dette stengingsregimet i framtida likevel ikkje skulle vera tilstrekkeleg, må det vurderast å bygga Dyranuttunellen.
4. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 tilsaman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

#### **Atle Kvåle (A) sette fram slikt forslag (a):**

1. «Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Med utbygging av E 134 med arm til Bergen er det ikkje grunnlag for å byggja ut Rv 7 som nasjonalt hovudvegsamband aust/vest.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarlig vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og vinterregularitet på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja konklusjonen i KVU Rv 7 frå okt.2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlige hovedsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.»

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet viser til at E134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVVU for arm (diagonal) frå E134 mot Bergen.
2. Uavhengig av status vil Rv 7 vere ei viktig trafikkåre mellom Hallingdal og Hardanger. Vegen vil også ha ein viktig funksjon som hovudvegsamband mellom Bergen og Oslo fram til E134 med arm til Bergen står ferdig. Det er vil derfor vere naudsynt med store investeringar på Rv7. «Konsept rv. 7 lang tunnel» vil gi den raskaste veggen og full vinterregularitet, samstundes som konflikt med villreinen blir fjerna. Av desse grunnane meiner fylkesutvalet i Hordaland at bygging av Rv 7 er den beste utbyggingsstrategien i tråd med departementet sine føresetnader om 2 aust-vest-samband
3. Konseptet for ein hovudveg over Hemsedal ville gje ein monaleg lengre veg mellom aust og vest enn det konseptet for Rv 7 gjer. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134, saman med E16, er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å bygga ut Rv7 som nasjonalt hovudvegsamband aust/vest.
2. For å sikra villreinkryssing på Rv7 over Hardangervidda, føreset fylkesutvalet at dagens ordning med mellombelse stengingar vert oppretthalde og effektivisert. Om dette stengingsregimet i framtida likevel ikkje skulle vera tilstrekkeleg, må ein sjå på andre tiltak.
3. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134 er valt som eitt av to nasjonale vegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga syner E134 med arm mot Bergen.
2. Fylkesutvalet peikar på tidlegare vedtak og føreset at det vert arbeidd vidare med, og bygd ein vintersikker Rv7 over Hardangervidda.  
  
Det er særst viktig at ein i dette arbeidet byggjer miljøtunellar som sikrar villreinen i området. Fylkesutvalet vil såleis ikkje stilla seg bak dagens stengingsregime som løysing, og kan difor ikkje støtta at dette vert vidareført som sikring av villreinen på Hardangervidda.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert sett i gang eit arbeid med ein KVVU for arm mot Bergen.
4. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg difor til grunn at E16 og Rv52 stettar transportbehova i framtida i denne delen av området.
5. Fylkesutvalet vil og peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E16 Bergen-Voss er, då denne er viktig uansett om Rv7 eller Rv52 vert valt som 2. alternativ aust/vest til slutt.»

Atle Kvåle trekte sitt forslag (a).

For **Atle Kvåle (A)** sette Synnøve Solbakken (A) på vegner av A, Sp, Frp, V og KrF fram slikt forslag (b):

1. «Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg bak dette prosjektet.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja konklusjonen i KVVU Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen - Aurland er.»

### **Røysting**

Hammer sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Ryssdal sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Bahus sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Kvåle sitt forslag (b) punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

Kvåle sitt forslag (b) punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (SV, MDG).

Kvåle sitt forslag (b) punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (SV, MDG).

Kvåle sitt forslag (b) punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

Kvåle sitt forslag (b) punkt 5 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg bak dette prosjektet.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja konklusjonen i KVVU Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen - Aurland er.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A og Sp fram slikt forslag:

«Justert framlegg:

1. Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg bak dette prosjektet.

2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja ~~konklusjonen~~ Statens vegvesen sin anbefaling i KVU Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. ~~Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam.~~ Fylkesutvalet legg ~~derfor~~ til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen – «

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet viser til at E134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm (diagonal) frå E134 mot Bergen.
2. Uavhengig av status vil Rv 7 vere ei viktig trafikkåre mellom Hallingdal og Hardanger. Vegen vil også ha ein viktig funksjon som hovudvegsamband mellom Bergen og Oslo fram til E134 med arm til Bergen står ferdig. Det er vil derfor vere naudsynt med store investeringar på Rv7. «Konsept rv. 7 lang tunnel» vil gi den raskaste vegen og full vinterregularitet, samstundes som konflikt med villreinen blir fjerna. Av desse grunnane meiner fylkesutvalet i Hordaland at bygging av Rv 7 er den beste utbyggingsstrategien i tråd med departementet sine føresetnader om 2 aust-vest-samband
3. Konseptet for ein hovudveg over Hemsedal ville gje ein monaleg lengre veg mellom aust og vest enn det konseptet for Rv 7 gjer. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134 er valt som eitt av to nasjonale vegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreinga syner E134 med arm mot Bergen.
2. Fylkesutvalet peikar på tidlegare vedtak og føreset at det vert arbeidd vidare med, og bygd ein vintersikker Rv7 over Hardangervidda.

Det er særst viktig at ein i dette arbeidet byggjer miljøtunellar som sikrar villreinen i området. Fylkesutvalet vil såleis ikkje stilla seg bak dagens stengingsregime som løysing, og kan difor ikkje støtta at dette vert vidareført som sikring av villreinen på Hardangervidda.

3. Fylkesutvalet ber om at det vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm mot Bergen.
4. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsamt. Fylkesutvalet legg difor til grunn at E16 og Rv52 stettar transportbehova i framtida i denne delen av området.
5. Fylkesutvalet vil og peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E16 Bergen-Voss er, då denne er viktig uansett om Rv7 eller Rv52 vert valt som 2. alternativ aust/vest til slutt.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134, saman med E16, er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å bygga ut Rv7 som nasjonalt hovudvegsamband aust/vest.

2. For å sikra villreinkryssing på Rv7 over Hardangervidda, føreset fylkesutvalet at dagens ordning med mellombelse stengingar vert oppretthalde og effektivisert. Om dette stengingsregimet i framtida likevel ikkje skulle vera tilstrekkeleg, må ein sjå på andre tiltak.
3. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.
4. Arna-Voss ein viktig del av framtidig løysing og fylkesutvalet legg difor til grunn at fullverdig utbygging etter k5 vert forsert på heile strekninga.
5. Hardanger treng sikre bruksveggar. Fylkesutvalet vil støtte ei utgreiing av bruksveg med gul stripe i regionen der Hordalandsdiagonalen vert vurdert.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slik protokollmerknad:

«Partia Ap, KrF og Sp legg til grunn at Statens Vegvesen sin KVV RV7 på Hardangervidda, inneber ei tunnelloysing på 6,25 km (Dyranuttunnelen).»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Aadland sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 7 røyster (A, KrF, Sp) og fall.

Innstillinga punkt 1, 3, 4 og 5 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 2 fekk 14 røyster (A, Sp, KrF, MDG, V, Frp, H) og vart vedteken

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg bak dette prosjektet.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVV for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja konklusjonen i KVV Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen - Aurland er.

### **Protokollmerknad frå A, KrF og Sp**

Partia Ap, KrF og Sp legg til grunn at Statens Vegvesen sin KVV RV7 på Hardangervidda, inneber ei tunnelloysing på 6,25 km (Dyranuttunnelen).

## **PS 271/16 Fråsegn til søknad frå Nettbuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Masfjorden - Ålesund**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune rår til at søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – Indre Masfjorden – Ålesund vert imøtekomen.



2. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.
3. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune rår til at søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – Indre Masfjorden – Ålesund vert imøtekomen.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.
3. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune rår til at søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – Indre Masfjorden – Ålesund vert imøtekomen.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.
3. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår for løyve at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.

## **PS 272/16 Trafikkplan Nordhordland**

### **Forslag til innstilling**

Trafikkplan Nordhordland byggjer på Kollektivstrategi for Hordaland om prinsipp for utvikling av kollektivtilbodet i fylket.

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt om det framtidig busstilbodet i Nordhordland. Trafikkplan Nordhordland gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt bussanbod i området.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Trafikkplan Nordhordland byggjer på Kollektivstrategi for Hordaland om prinsipp for utvikling av kollektivtilbodet i fylket.

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt om det framtidige busstilbodet i Nordhordland. Trafikkplan Nordhordland gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt bussanbod i området.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

Trafikkplan Nordhordland byggjer på Kollektivstrategi for Hordaland om prinsipp for utvikling av kollektivtilbodet i fylket.

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt om det framtidige busstilbodet i Nordhordland. Trafikkplan Nordhordland gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt bussanbod i området.

## PS 273/16 Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune om utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at utgreiinga om Ringveg øst og E39 nord i Åsane i all hovudsak gir eit godt grunnlag for å starte opp formelle planprosessar.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til vurderingane i utgreiinga om at gjeldande vedtekne trase for E39 Nyborgtunnelen ikkje vil kunne koplast til Ringveg øst på ein god måte. Fylkesutvalet går inn for at det så snart som mogleg blir starta opp planarbeid for ei ny vegløyising for E39 nord i Åsane i tråd med det som er skissert i utgreiinga.
3. Fylkesutvalet støttar tilrådinga i utgreiinga og legg til grunn austre konsept for vidare planlegging. Innanfor dette konseptet må det og utviklast eit 0+ alternativ som i større grad baserer seg på utbetring langs dagens vegtrase for Fv580 Arna-Midtnun.
4. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å gjennomføre det vidare planarbeidet som statleg plan.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF, Frp og H fram slikt forslag:

«Stryk 2. setning i vedtakspunkt 3.»

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet meiner at uavhengig av løysing for ein ny Ringveg aust, må det arbeidast med å finna løysingar på kort sikt for å utbetra Fv 580 (særskilt Grimesvingane). Dette arbeidet bør ha eit særskild fokus på løysingar for å betra framkomst og trafikktryggleik for gåande og syklende.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 4: Stryk «ikkje er».

Punkt 3: Stryk siste setning.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg:

1. «Hordaland fylkeskommune slutter seg til Statens vegvesens hovedkonklusjon om at konsept «øst» vil være å foretrekke fremfor konsept «vest».
2. Hordaland fylkeskommune slutter seg til vegvesenets konklusjon om nødvendigheten av at Ringveg Øst kombineres med økte restriksjoner i det sentrale byområdet for å gi vesentlig trafikkreduksjon og mulighet til omdisponering av dagens vegareal. Hordaland fylkeskommune understreker at en utbygging av Ringveg Øst med den standard som Statens vegvesen legger opp til, forutsetter slik pakke av restriktive tiltak som er vist i utredningen, herunder etablering av kollektivfelt på eksisterende E39. Det er av

avgjørende betydning at den totale vegkapasiteten ikke økes som en konsekvens av Ringveg Øst-utbyggingen.

3. Hordaland fylkeskommune ber om at et mer moderat utbyggingsalternativ av «konsept øst» belyses grundigere i den videre formelle planprosessen. Det utredes tofeltsvei Ringvei øst mellom Nesttun og Vågsbotn med hovedvekt på Grimesvingene og som tar hensyn til trafikksikkerhet og trafikkstøy for alle bebyggelsesområder langs strekningen.
4. For å tydeliggjøre konsekvensene av de ulike trasévalgene må den videre planprosessen belyse hvordan økning i kollektivtilbudet vil påvirke trafikkprognosene (spesielt Bybanen mot Åsane og dobbeltspor til Arna), og økning av gange/sykkel.
5. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Statens vegvesens anbefaling om valg for E39 nord for Åsane.
6. Hordaland fylkeskommune etterlyser klimaregnskap for de aktuelle alternativene.
7. Hordaland fylkeskommune ber om trafikkanalyser for de aktuelle alternativene og hvordan de samsvarer med Bergen kommunes mål om en samlet trafikkreduksjon.
8. Fylkesutvalget mener det ikke er grunnlag for å gjennomføre det videre planarbeidet som statlig plan.»

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

Rasmussen sitt forslag (punkt 3) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp, 1H).

Angeltveit sitt forslag (nytt punkt 5) fekk 3 røyster (V, Frp) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet meiner at utgreiinga om Ringveg øst og E39 nord i Åsane i all hovudsak gir eit godt grunnlag for å starte opp formelle planprosessar.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til vurderingane i utgreiinga om at gjeldande vedtekne trase for E39 Nyborgtunnelen ikkje vil kunne koplast til Ringveg øst på ein god måte. Fylkesutvalet går inn for at det så snart som mogleg blir starta opp planarbeid for ei ny vegløyning for E39 nord i Åsane i tråd med det som er skissert i utgreiinga.
3. Fylkesutvalet støttar tilrådinga i utgreiinga og legg til grunn austre konsept for vidare planlegging.
4. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å gjennomføre det vidare planarbeidet som statleg plan.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg:

1. «Hordaland fylkeskommune slutter seg til Statens vegvesens hovedkonklusjon om at konsept «øst» vil være å foretrekke fremfor konsept «vest».
2. Hordaland fylkeskommune slutter seg til vegvesenets konklusjon om nødvendigheten av at Ringveg Øst kombineres med økte restriksjoner i det sentrale byområdet for å gi vesentlig trafikkreduksjon og mulighet til omdisponering av dagens vegareal. Hordaland fylkeskommune understreker at en utbygging av Ringveg Øst med den standard som Statens vegvesen legger opp til, forutsetter slik pakke av restriktive tiltak som er vist i

utredningen, herunder etablering av kollektivfelt på eksisterende E39. Det er av avgjørende betydning at den totale vegkapasiteten ikke økes som en konsekvens av Ringveg Øst-utbyggingen.

3. Hordaland fylkeskommune ber om at et mer moderat utbyggingsalternativ av «konsept øst» belyses grundigere i den videre formelle planprosessen. Det utredes tofeltsvei Ringvei øst mellom Nesttun og Vågsbotn med hovedvekt på Grimesvingene og som tar hensyn til trafikksikkerhet og trafikkstøy for alle bebyggelsesområder langs strekningen.
4. For å tydeliggjøre konsekvensene av de ulike trasévalgene må den videre planprosessen belyse hvordan økning i kollektivtilbudet vil påvirke trafikkprognosene (spesielt Bybanen mot Åsane og dobbeltspor til Arna), og økning av gange/sykkel.
5. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Statens vegvesens anbefaling om valg for E39 nord for Åsane.
6. Hordaland fylkeskommune etterlyser klimaregnskap for de aktuelle alternativene.
7. Hordaland fylkeskommune ber om trafikkanalyser for de aktuelle alternativene og hvordan de samsvarer med Bergen kommunes mål om en samlet trafikkreduksjon.
8. Fylkesutvalget mener det ikke er grunnlag for å gjennomføre det videre planarbeidet som statlig plan.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 4: Stryk «ikkje er».

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet meiner at uavhengig av løysing for ein ny Ringveg aust, må det arbeidast med å finna løysingar på kort sikt for å utbetra Fv 580 (særskilt Grimesvingane). Dette arbeidet bør ha eit særskild fokus på løysingar for å betra framkomst og trafikktryggleik for gåande og syklande.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstillinga punkt 1, 2 og 3 fekk 13 røyster (A, SP, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 4 fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, V, SV, MDG) og vart vedteke.

Njærheim sitt forslag fekk 6 røyster (V, H, Frp) og fall.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet meiner at utgreiinga om Ringveg øst og E39 nord i Åsane i all hovudsak gir eit godt grunnlag for å starte opp formelle planprosessar.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til vurderingane i utgreiinga om at gjeldande vedtekne trase for E39 Nyborgtunnelen ikkje vil kunne koplast til Ringveg øst på ein god måte. Fylkesutvalet går inn for at det så snart som mogleg blir starta opp planarbeid for ei ny vegløyising for E39 nord i Åsane i tråd med det som er skissert i utgreiinga.
3. Fylkesutvalet støttar tilrådinga i utgreiinga og legg til grunn austre konsept for vidare planlegging.
4. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å gjennomføre det vidare planarbeidet som statleg plan.

## **PS 274/16 Eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tar saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen hausten 2017 kome tilbake med ei orientering om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med omsyn til elevar, tilbod og tilhøva for dei tilsette

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 26.10.2016**

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

1. Fylkestinget tar saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen hausten 2017 kome tilbake med ei orientering om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med omsyn til elevar, tilbod og tilhøva for dei tilsette

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt endringsforslag på vegner av A, KrF, Sp, SV, Frp, V, R, H, MDG:

«Nytt punkt 3:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen halde fylkestinget løpande orientert om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med tanke på elevar, tilbod og forholda til dei tilsette.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget tar saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen hausten 2017 kome tilbake med ei orientering om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med omsyn til elevar, tilbod og tilhøva for dei tilsette.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen halde fylkestinget løpande orientert om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med tanke på elevar, tilbod og forholda til dei tilsette.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tar saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen hausten 2017 kome tilbake med ei orientering om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med omsyn til elevar, tilbod og tilhøva for dei tilsette.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen halde fylkestinget løpande orientert om resultatane av samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med tanke på elevar, tilbod og forholda til dei tilsette.

## **PS 275/16 Tertnes vgs - Forprosjekt**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Tertnes videregående skole med ei kostnadsramme på 210 mill. kr.

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.11.2016**

**Kjell Gitton Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått seg førelagt forprosjekt for Tertnes vgs – og seier seg nøgd med den universelle utforminga når det gjeld tilkomst.»

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding til utval for opplæring og helse**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått seg førelagt forprosjekt for Tertnes vgs – og seier seg nøgd med den universelle utforminga når det gjeld tilkomst.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

Svein Otto Jacobsen, Frp, stilte spørsmål om han var ugild fordi han er tilsett i eit firma som skal inngå kontrakt i samband med arbeidet på Tertnes vgs.

Jacobsen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Jacobsen var ugild etter forvaltningslova § 6, 2.

Jacobsen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Tertnes videregående skole med ei kostnadsramme på 210 mill. kr.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner forprosjekt for Tertnes videregående skole med ei kostnadsramme på 210 mill. kr.

## **PS 276/16 Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Bergen Maritime vgs er et merkenavn og bør videreføres sjølv om skolen flyttes til Laksevåg.»

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt forslag på vegner av A, KrF, Sp, SV:

«Utval for opplæring og helse støttar fylkesrådmannen si innstilling, men ber fylkesrådmannen utgreie meir nøye om det er naudsynt på avslutte all undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden fram mot fylkestingsmøtet i desember 2016.»

**Solbjørg Marjala, R**, sette fram slikt forslag:

«1. Utvalg for helse og opplæring er uenige i måten nedleggelsen av Laksevåg vgs blir foreslått håndtert på.

2. Utvalget ser viktigheten av å beholde TO (Tilrettelagt opplæring), BA (Bygg og Anlegg), samt vg2 kjemiprosess og elektrotilbudet (3årig) for fremtidige ingeniører.

3. Utvalget ber derfor administrasjonen snarest utarbeide en plan for a) hvordan en kan videreføre disse fagene/linjene og b) holde skolen oppe under ombygningen/utvidingen, slik at en ikke mister tilbudet til noen av de svakeste elevene (TO) eller mister fagmiljøer.»

### Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 14 røyster mot 1 røyst (R) for Marjala sitt forslag punkt 1.

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 2 røyster (R, SV) for Marjala sitt forslag punkt 2.

Gadolin sitt forslag vart vedteke med 14 røyster mot 1 røyst (R) for Marjala sitt forslag punkt 3.

Utvalet slutta seg til at Stenseide sitt forslag vert sendt til fylkesutvalet utan realitetshandsaming.

### Vedtak

1. Utval for opplæring og helse støttar fylkesrådmannen si innstilling, men ber fylkesrådmannen utgreie meir nøye om det er naudsynt på avslutte all undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden fram mot fylkestingsmøtet i desember 2016.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag (a):

«Nytt punkt 3:

Namnet på den nye vidaregåande vert å komme tilbake til seinare.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag (b):

«Tillegg til nytt punkt 3:

Bergen maritime vidaregåande skole er eit viktig merkenamn i høve maritim utdanning i Hordaland.»

### Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til mot 1 røyst (SV).

Bjørkly sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Bjørkly sitt forslag (b) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.



## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.
3. Namnet på den nye vidaregåande vert å komme tilbake til seinare.

## **PS 277/16 Framlegg til nye vedtekter for NDLA**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer vedtak om nye vedtekter for NDLA i samsvar med tilrådinga frå styret.
2. Dei nye vedtektene har denne ordlyden:

### **VEDTEKTER for det fylkeskommunale samarbeidet Nasjonal digital læringsarena – NDLA**

#### **§ 1 Navn**

Samarbeidets navn er Nasjonal digital læringsarena, NDLA.

#### **§2 Formål**

Formålet er:

- å utvikle fritt tilgjengelige digitale læringsressurser etter opplæringslovens § 3-1, gratis for alle brukere.
- å videreutvikle innhold og teknologi gjennom aktiv samhandling og deling.

#### **§ 3 Rettslig status**

NDLA er et interkommunalt samarbeid, organisert etter kommuneloven § 27. Fylkeskommuner kan delta i samarbeidet.

De fylkeskommuner som til enhver tid har meldt seg inn ved å innbetale det årlige driftsbidraget, jf §6 og 7, er deltakere i samarbeidet.

Samarbeidet skal ikke være et eget rettssubjekt og skal ikke registres i Foretaksregisteret.

Hordaland fylkeskommune er kontorkommune for hovedkontor. Denne funksjonen kan og innehas av andre fylkeskommuner etter vedtak i representantskapet.

Ulike tjenester kan legges til andre fylkeskommuner etter hvor den beste kompetanse for gjeldende tjeneste er.

#### **§ 4 Endring av vedtektene.**

Endring av vedtektene krever tilslutning fra alle deltakernes fylkesting etter forslag fra representantskapet.

#### **§ 5 Oppløsning, utmelding og oppsigelse.**

Opphør av samarbeidet kan bare skje gjennom vedtak i deltakerens fylkesting. Hver fylkeskommune som er deltaker kan med et års skriftlig melding si fra seg deltakelsen i samarbeidet og kreve seg utløst fra dette. Det skal ikke betales noen utløsningssum.

#### **§ 6 Økonomisk ansvar**

Deltakernes ansvar er delt. Ansvar fordeles mellom deltakerne på bakgrunn av elevtallet i den enkelte fylkeskommune pr. 1. oktober året før det aktuelle ansvaret oppstår.

## **§ 7 Tilskudd til driften av NDLA**

Deltakerne betaler årlig inn midler til drift av samarbeidet basert på en enhetspris pr elev multiplisert med elevtallet, jf §6.

Tilskuddet skal årlig justeres i tråd med den budsjetttramme representantskapet er enig om.

## **§ 8 Representantskapet (styret etter kommunelovens § 27 andre ledd)**

Representantskapet er det øverste organ i samarbeidet.

Representantskapet består av en representant fra hver deltakende fylkeskommune, valgt av fylkestingene.

Representantskapet møtes en gang i året til ordinært møte.

I det ordinære møtet behandles:

1. godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen.
2. valg av styre. Medlemmer av styre kan velges for ett eller to år. Leder av styret velges ved særskilt valg.
3. valg av valgkomite på tre personer. Medlemmer av valgkomiteen kan velges for ett eller to år. Styret fremmer forslag til medlemmer i valgkomiteen.
4. fastsetting av eventuell godtgjørelse til medlemmene i styret og valgkomiteen
5. fastleggelse av NDLAs budsjetttramme i tråd med avtalene mellom deltakerne og NDLA.
6. andre saker som er lagt frem av styret eller deltakerne. Saker som skal opp på ordinært representantskapsmøte må meldes styret innen en måned før møtet avholdes, dersom ikke representantskapsmøtet selv aksepterer å behandle saken.

Ekstraordinært representantskapsmøte avholdes dersom styret beslutter det eller minst en av deltakerne krever det.

Representantskapet treffer avgjørelse ved enighet.

Representantskapet kan ikke ta avgjørelser som etter kommuneloven ligger til de deltakende fylkeskommunene selv.

## **§ 9 Styret**

Styret kan ha 3-7 medlemmer. Det kan også velges varamedlemmer. Styrets leder velges ved separat valg i representantskapet. Representantskapet vedtar instruks for styret.

Styret skal se til at driften av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtektene, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsatt av representantskapet eller styret selv.

Styret fastsetter budsjett for NDLA på bakgrunn av innspill fra representantskapet og deltakerne. Budsjett og regnskap skal inngå i deltakerne sitt totalbudsjett og regnskap.

Styret kan ikke ta avgjørelser som etter kommuneloven ligger til de deltakende fylkeskommunene selv.

Styrets leder ser til at det blir ført protokoll fra møtene i styret. Protokollen skal være tilgjengelig for representantskapet.

## **§ 10 Valgkomiteen**

Valgkomiteen består av en leder og to medlemmer, til sammen tre personer. Komiteen konstituerer seg selv.

ei tre opplæringsregionene; Opplæringsregion Nord, Opplæringsregion Sør-Vest og Østlandssamarbeidet, skal alle være representert i valgkomiteen.

Representantskapet kan fastsette mandat for valgkomiteens virksomhet.

Valgkomiteens leder ser til at det blir ført protokoll fra møtene i komiteen. Protokollen skal være tilgjengelig for representantskapet.

### **§ 11 Daglig leder**

Samarbeidet skal ha en daglig leder som er ansatt av styret. Daglig leder har møte- og talerett i styrets møter.

Daglig leder har ansvar for den daglige ledelsen av selskapet og skal følge de retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Styret utarbeider instruks for daglig leder.

Daglig leder er ansvarlig redaktør. Innenfor rammen av formålet til NDLA skal daglig leder styre den redaksjonelle virksomheten og ta avgjørelser i redaksjonelle forhold. Deltakerne kan ikke, hver for seg eller samlet, instruere eller overprøve redaktøren i redaksjonelle spørsmål.

Den daglige ledelsen omfatter ikke saker som etter selskapet sin virksomhet og praksis er av uvanlig art eller av stor interesse. Styret kan gi nærmere regler om hvilke saker som skal styrebehandles. Saker som skal styrebehandles kan den daglige lederen kun avgjøre når styret i hver enkelt sak har gitt daglig leder myndighet til det, eller når en ikke kan vente på styrets avgjørelse uten vesentlig ulempe for selskapets virksomhet. Styret skal i så fall underrettes om saken snarest mulig.

### **§ 12 Personvern og bruk av forvaltningsloven/offentleglova**

Styret skal se til at samarbeidet følger rutiner og saksbehandlingsregler som er vanlige for å ivareta personvern for privatpersoner. Reglene i forvaltningsloven/ offentleglova skal gjelde for samarbeidet på samme måte som for andre organ opprettet etter kommuneloven.

### **§ 13 Låneopptak og garantistilling**

Representantskapet / styret kan ikke ta opp lån eller stille garanti for forpliktelsene til samarbeidet eller andre.

### **§14 Iverksetting**

Disse endrede vedtektene for NDLA trer i kraft fra etter nødvendig behandling og tilslutning hos hver enkelt eier.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

#### **Vedtak**

Saka vart trekt frå sakslista.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

#### **Innstilling til fylkestinget**

Saka var trekt i utval for opplæring og helse og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

## **PS 278/16 Ny inntaksmodell til vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune frå skuleåret 2017/2018.**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune held fram med dagens karakterstyrte inntaksmodell.
2. Det vert presisert i lokal inntaksforskrift at elevar som får uforholdsmessig lang reiseveg, kan vurderast skjønsmessig i forhold til inntak på nærskulen.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å endra lokal inntaksforskrift i tråd med punkt 2. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til Utval for opplæring og helse i januar 2017.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 26.10.2016**

Tom Knudsen / Roger Pilskog sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg til rådmannens innstilling.
2. Skole og klassestruktur innen yrkesfag må reflektere tilgang på læreplasser og arbeidslivets behov.
3. Tilbud som kun opprettes på en skole må alle elever i fylket kunne søke til.

### **Røysting**

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

1. Yrkesopplæringsnemnda slutter seg til rådmannens innstilling.
2. Skole og klassestruktur innen yrkesfag må reflektere tilgang på læreplasser og arbeidslivets behov.
3. Tilbud som kun opprettes på en skole må alle elever i fylket kunne søke til.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt forslag på vegner av A, KrF, Sp, MDG:

«Alternativt forslag:

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsette på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.
- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.»

**Solbjørg Marjala, R**, sette fram slikt forslag på vegner av R, SV:

«Utvalget for helse og opplæring er ikke fornøyd med saksframlegget. Vi ønsker å få saken utredet på nytt med henblikk på å få innført nærskoleprinsippet.»

### **Røysting**

Marjala sitt forslag fekk 2 røyster (R, SV) og fall.

Gadolin sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 9 røyster mot 6 røyster (Frp, H, V) for fylkesrådmannen sitt forslag.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.
- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune held fram med dagens karakterstyrte inntaksmodell.
2. Det vert presisert i lokal inntaksforskrift at elevar som får uforholdsmessig lang reiseveg, kan vurderast skjønsmessig i forhold til inntak på nærskulen.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å endra lokal inntaksforskrift i tråd med punkt 2. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til Utval for opplæring og helse i januar 2017.»

## **Røysting**

Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, SV, MGD) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

## **Innstilling til fylkestinget**

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.
- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.

## **PS 279/16 Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement - mindre endringar**

### **Forslag til innstilling**

1. Gjeldande § 4 (3) tredje og fjerde setning vert sletta og erstatta av «Eleven skal ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunkt karakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hjå rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).»
2. Gjeldande § 4 (9) bokstav c første til og med fjerde setning vert sletta.

3. Siste setning i gjeldande § 4 (9) bokstav c om feriereiser vert flytta til ny § 5 (6) siste setning.
4. Følgande setning vert ny § 5 (6) nest siste setning: «Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeid, vert det ført fråvær for timane i faget det gjeld.»
5. Gjeldande § 4 (8) bokstav g får tillegg «og ved all aktivitet i skulen sin regi.»

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Vedtak**

1. Gjeldande § 4 (3) tredje og fjerde setning vert sletta og erstatta av «Eleven skal ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hjå rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).»
2. Gjeldande § 4 (9) bokstav c første til og med fjerde setning vert sletta.
3. Siste setning i gjeldande § 4 (9) bokstav c om feriereiser vert flytta til ny § 5 (6) siste setning.
4. Følgande setning vert ny § 5 (6) nest siste setning: «Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeid, vert det ført fråvær for timane i faget det gjeld.»
5. Gjeldande § 4 (8) bokstav g får tillegg «og ved all aktivitet i skulen sin regi.»

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Silje Hjemdal (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Endring av punkt 5:  
Det er ikkje tillate å røykje på skulen sitt område.»

**Tom Sverre Tomren (MGD)** sette på vegner av MDG, A, Sp, KrF, SV, V, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget ser at den nye fraværsregelen med dokumentasjonskrav på sykefravær med legeattest har store negative sideeffekter for mange elever og er vanskelig å praktisere praktisk. Fylkesutvalget ber derfor om egen sak på dette til fylkestinget.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, MDG, A, Sp, KrF, SV, V og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Saka vert sendt til handsaming i ungdommens fylkesutval før handsaming i fylkestinget.»

#### **Røysting**

Hjemdal sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, SV, Sp) og fall.

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 5 fekk 8 røyster (A, KrF, MDG, V) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget, Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. Gjeldande § 4 (3) tredje og fjerde setning vert sletta og erstatta av «Eleven skal ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hjå rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).»
2. Gjeldande § 4 (9) bokstav c første til og med fjerde setning vert sletta.
3. Siste setning i gjeldande § 4 (9) bokstav c om feriereiser vert flytta til ny § 5 (6) siste setning.
4. Følgande setning vert ny § 5 (6) nest siste setning: «Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeid, vert det ført fråvær for timane i faget det gjeld.»
5. Gjeldande § 4 (8) bokstav g får tillegg «og ved all aktivitet i skulen sin regi.»

## **PS 280/16 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16* til orientering.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 26.10.2016**

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16* til orientering.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16* til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2015/16* til orientering.

## **PS 281/16 Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesrådmannen vil tilrå at Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar avsett til «Benkeprosjekt – Moster Amfi», til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».
2. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.
3. Unyttta midlar for Kvam og Bømlo lysast ut på nytt.



## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

**Anne Beth Njærheim (V)** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Bømlo vegselskap.

**Mona Røsvik Strømme (H)** og **Roald Kvamme (A)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er medlemmer i styringsgruppa for Regionalt næringsforum.

Njærheim, Strømme og Kvamme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim var ugild. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme (H) og Roald Kvamme (A) ikkje var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Anne Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Mona Røsvik Strømme og Roald Kvamme tiltredde saksbehandlinga.

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak:

1. Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».
2. Benkeprosjekt på Moster Amfi vert løyvd 1,5 mill. i tråd med innstillinga frå styringsgruppa.
3. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.
4. Unyttta midlar vert lyst ut på nytt.»

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Benkeprosjekt Moster Amfi får innvilget midler av kompensasjonsmidlene for 2015-2016 på 1,5 mill. kr.»

Mona Røsvik Strømme trekte forslaget sitt.

### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».
2. Benkeprosjekt på Moster Amfi vert løyvd 1,5 mill. i tråd med innstillinga frå styringsgruppa.
3. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.
4. Unyttta midlar vert lyst ut på nytt.

## **PS 282/16 Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeida i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ framlegg:  
Saken utsettes til fylkesutvalget er kjent med Bergen kommune sin uttale i saken.»

Tomren trekte forslaget sitt.

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.»

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Oen sitt forslag fekk 12 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

Grunna kort frist frå utsending av sakspapir til realitetshandsaming (1 dag) ber utvalet for miljø og samferdsel om at saka blir sett på dagsorden i møte i utvalet 3.november 2016. Det bør leggjast opp til at administrasjonen går gjennom saka på møte den 3.november.

Utvalet ber om at vidare sakshandsaming blir tidfesta til etter at utvalet har gjennomført si realitetshandsaming.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016**

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:  
Landstraum må minimum leverast til cruisebåtane ved Bergen kai innan 2020.

Grunngjeving:

- Landstraum er tema i Klimaplan for Hordaland 2016-2020, der det heiter at : «Innan 2020 skal landstraum vere eit tilbod ved kai i Bergen sentrum.»
- Bergen bystyre har nyleg vedtatt Grønn strategi, der det heiter at: «Bergen skal tilby landstrøm til alle skip innan 2020.»»

Kjell Håland trekte forslaget sitt.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeidd i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016**

**Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til utval for miljø og samferdsel har behandla saka.»

### **Røysting**

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett til utval for miljø og samferdsel har behandla saka.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Hordaland fylkeskommune viser til «Cruisestrategi for Vestlandsregione 2016 - 2020» og meiner det er positivt at det er utarbeidd ein samla strategi for cruiseaktiviteten på Vestlandet.
2. Hordaland fylkeskommune etterlyser ekstra hamneavgift (miljøavgift) etter forureinar betaler-prinsippet som eit tiltak i strategien. Dette er ei avgift som vil verte øyremerkt til å finansiere elektrifisering av hamna.
3. Hordaland fylkeskommune meiner det bør vere krav om landstraum i alle cruisehamner og krav til skipa som kjem om at dei kan kopla seg til. «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» tar ikkje inn over seg at det innan ein 3-5 års tid kan kome krav om at all cruisetrafikk skal kunne koplast til landstraum.
4. Hordaland fylkeskommune meiner det også bør innførast krav til utslepp av svovel også utanfor ECA-området.»

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Fylkesutvalet ser med uro på utviklinga i cruiseindustrien. Det er behov for auka kompetanse og oppdatert ny forskning/datagrunnlag for cruiseindustrien i heile regionen. Fylkesutvalet ber om at dette arbeidet vert sett i gang.
2. Utarbeide heilskapleg plan for å leggje til rette for landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i heile regionen.
3. Utarbeide ein konsekvensanalyse om mogleighetene for å innføre ei nasjonal og/eller regional miljøavgift.»

### **Røysting**

Det var 12 representantar til stades.

Hammer sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (1Frp, H).

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeida i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.
4. Hordaland fylkeskommune viser til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» og meiner det er positivt at det er utarbeidd ein samla strategi for cruiseaktiviteten på Vestlandet.
5. Hordaland fylkeskommune etterlyser ekstra hamneavgift (miljøavgift) etter forureinar betaler-prinsippet som eit tiltak i strategien. Dette er ei avgift som vil verte øyremerkt til å finansiere elektrifisering av hamna.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det bør vere krav om landstraum i alle cruisehamner og krav til skipa som kjem om at dei kan koplase seg til. «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» tar ikkje inn over seg at det innan ein 3-5 års tid kan kome krav om at all cruisetrafikk skal kunne koplast til landstraum.
7. Hordaland fylkeskommune meiner det også bør innførast krav til utslepp av svovel også utanfor ECA-området.
8. Fylkesutvalet ser med uro på utviklinga i cruiseindustrien. Det er behov for auka kompetanse og oppdatert ny forskning/datagrunnlag for cruiseindustrien i heile regionen. Fylkesutvalet ber om at dette arbeidet vert sett i gang.
9. Utarbeide heilskapleg plan for å leggje til rette for landstraum eller anna form for ikkje-fossil energibruk i heile regionen.
10. Utarbeide ein konsekvensanalyse om moglegheitene for å innføre ei nasjonal og/eller regional miljøavgift.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeidd i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.
4. Hordaland fylkeskommune viser til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» og meiner det er positivt at det er utarbeidd ein samla strategi for cruiseaktiviteten på Vestlandet.
5. Hordaland fylkeskommune etterlyser ekstra hamneavgift (miljøavgift) etter forureinar betaler-prinsippet som eit tiltak i strategien. Dette er ei avgift som vil verte øyremerkt til å finansiere elektrifisering av hamna.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det bør vere krav om landstraum i alle cruisehamner og krav til skipa som kjem om at dei kan koplase seg til. «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» tar ikkje inn over seg at det innan ein 3-5 års tid kan

kome krav om at all cruisetrafikk skal kunne kopløst til landstraum.

7. Hordaland fylkeskommune meiner det også bør innførast krav til utslepp av svovel også utanfor ECA-området.
8. Det er behov for auka kompetanse og oppdatert ny forskning/datagrunnlag for cruiseindustrien i heile regionen. Fylkesutvalet ber om at dette arbeidet vert sett i gang.»

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeida i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.»

### **Røysting**

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Oen sitt forslag vekk 10 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG, V) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeidd i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.
4. Hordaland fylkeskommune viser til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» og meiner det er positivt at det er utarbeidd ein samla strategi for cruiseaktiviteten på Vestlandet.
5. Hordaland fylkeskommune etterlyser ekstra hamneavgift (miljøavgift) etter forureinar betalerprinsippet som eit tiltak i strategien. Dette er ei avgift som vil verte øyremerkt til å finansiere elektrifisering av hamna.
6. Hordaland fylkeskommune meiner det bør vere krav om landstraum i alle cruisehamner og krav til skipa som kjem om at dei kan koplø seg til. «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016 - 2020» tar ikkje inn over seg at det innan ein 3-5 års tid kan kome krav om at all cruisetrafikk skal kunne kopløst til landstraum.
7. Hordaland fylkeskommune meiner det også bør innførast krav til utslepp av svovel også utanfor ECA-området.
8. Det er behov for auka kompetanse og oppdatert ny forskning/datagrunnlag for cruiseindustrien i heile regionen. Fylkesutvalet ber om at dette arbeidet vert sett i gang.

## **PS 283/16 Evaluering av resultatmål i "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland"**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek saka til orientering. Fylkesrådmannen får samstundes klarsignal til å sjå nærare på om nokre av resultatmåla bør justerast der det er behov for det.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek saka til orientering. Fylkesrådmannen får samstundes klarsignal til å sjå nærare på om nokre av resultatmåla bør justerast der det er behov for det.

## **PS 284/16 Servicebygg Jondal ferjekai - fylkeskommunal løyving**

### **Forslag til innstilling:**

1. Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.
2. I forslag til budsjett for 2017 har fylkesrådmannen lagt inn ei løyving på 3 millionar kroner til servicebygget.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

«Stryk punkt 2.»

### **Røysting**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ryssdal sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 12 røyster mot 1 røyst (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.

## **PS 285/16 Handlingsprogram 2017-2020 Kollektivstrategi for Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2017-2020 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slik protokollmerknad:

«MDG vil komme tilbake til saka under handsaming av Handlingsprogrammet i FUV grunna m.a. budsjettkonsekvensar og naudsynnte prioriteringar.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

2. «Fylkestinget vil be om at vedteken politikk om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet. Fylkestinget 2015 bad om ein plan for gjennomføring og ber om at dette vert inkludert i handlingsprogrammet, og at innføring av dette blir ein del av byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017 og prosessen med forhandlingar om ny bymiljøavtale.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vedtok i desember 2015 at bompengeneinntekter skal bidra til drift av kollektivtransport. Fylkestinget etterspør status for dette, då tilstrekkeleg bompengeneinntekter vil vere avgjerande for å oppretthalde eit godt kollektivtilbod.»

### **Røysting**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2017-2020 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget vil be om at vedteken politikk om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet. Fylkestinget 2015 bad om ein plan for gjennomføring og ber om at dette vert inkludert i handlingsprogrammet, og at innføring av dette blir ein del av byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017 og prosessen med forhandlingar om ny bymiljøavtale.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vedtok i desember 2015 at bompengeneinntekter skal bidra til drift av kollektivtransport. Fylkestinget etterspør status for dette, då tilstrekkeleg bompengeneinntekter vil vere avgjerande for å oppretthalde eit godt kollektivtilbod.

### **Protokollmerknad frå MDG**

MDG vil komme tilbake til saka under handsaming av Handlingsprogrammet i FUV grunna m.a. budsjettkonsekvensar og naudsynnte prioriteringar.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:  
Fylkestinget meiner at ein auke i kollektivandelen skal vere eit mål også utanfor Bergensområdet.»

### Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.  
Innstillinga punkt 2 og 3 vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).  
Njærheim sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2017-2020 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.
2. Fylkestinget vil be om at vedteken politikk om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet. Fylkestinget 2015 bad om ein plan for gjennomføring og ber om at dette vert inkludert i handlingsprogrammet, og at innføring av dette blir ein del av byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017 og prosessen med forhandlingar om ny bymiljøavtale.
3. Fylkestinget meiner at ei styrking av kollektivtilbodet er viktig. Fylkestinget vedtok i desember 2015 at bompengeinntekter skal bidra til drift av kollektivtransport. Fylkestinget etterspør status for dette, då tilstrekkeleg bompengeinntekter vil vere avgjerande for å oppretthalde eit godt kollektivtilbod.
4. Fylkestinget meiner at ein auke i kollektivandelen skal vere eit mål også utanfor Bergensområdet.

## PS 286/16 Sak om forlenging og oppgradering av trolleylinja i Bergen

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil forlengje dagens trolleylinje til Laksevåg som fyrste byggetrinn for forlenging av trolleylinja i Bergen.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til arbeidet med eit teknisk forprosjekt for forlenging av trolleylinja til Laksevåg. Finansiering av teknisk forprosjekt leggst inn i byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017.
3. Fylkesutvalet ber om at finansiering av ei utviding av trolleylinja blir ein del av prosessen med forhandlingar om ein bymiljøavtale.
4. Fylkesutvalet ber om at gjennomføring av framkomsttiltak og oppgradering av haldeplassar på linja blir prioritert for å gjere kollektivtransporten meir attraktiv og konkurransedyktig.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vil forlengje dagens trolleylinje til Laksevåg som fyrste byggetrinn for forlenging av trolleylinja i Bergen.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til arbeidet med eit teknisk forprosjekt for forlenging av trolleylinja til Laksevåg. Finansiering av teknisk forprosjekt leggst inn i byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017.



3. Fylkesutvalet ber om at finansiering av ei utviding av trolleylinja blir ein del av prosessen med forhandlingar om ein bymiljøavtale.
4. Fylkesutvalet ber om at gjennomføring av framkomsttiltak og oppgradering av haldeplassar på linja blir prioritert for å gjere kollektivtransporten meir attraktiv og konkurransedyktig.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Mona Røsvik Strømme (H)** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Bybanen AS.

Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var ugild. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka.

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet vil forlenge dagens trolleylinje til Laksevåg som fyrste byggetrinn for forlenging av trolleylinja i Bergen.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til arbeidet med eit teknisk forprosjekt for forlenging av trolleylinja til Laksevåg. Finansiering av teknisk forprosjekt leggst inn i byggeprogrammet for Bergensprogrammet for 2017.
3. Fylkesutvalet ber om at finansiering av ei utviding av trolleylinja blir ein del av prosessen med forhandlingar om ein bymiljøavtale.
4. Fylkesutvalet ber om at gjennomføring av framkomsttiltak og oppgradering av haldeplassar på linja blir prioritert for å gjere kollektivtransporten meir attraktiv og konkurransedyktig.

## **PS 287/16 Høring om Vegdirektoratet sine tilrådingar om tiltak for utvikling av ferjemarknaden på lang sikt**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Statens vegvesen engasjerar seg i utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt. I rapporten og i tilrådingane er det peika på fleire område som bør utgreiast nærare. Hordaland fylkeskommune er positiv til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og legg til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løyving gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta. Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er føremålstenleg med ei forpliktande ferjedriftsstandard. Den einskilde fylkeskommune/ innkjøpseining må stå fritt til å sjølv å ta avgjerd om tenleg driftstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar.
2. Hordaland fylkeskommunen har stått for innkjøp og drift av ferjetenestene på fylkesvegnettet sidan ein fekk overført ansvaret ved forvaltningsreforma i 2010. Ferjedrifta er viktig i Hordaland, og er eit sentralt politikkområde. Fylkeskommunen har gjennom sin kjennskap til lokale forhold, samt sitt ansvar for tilknyta vegsamband, kollektivtrafikk, båt og andre transporttenester slik som skoleskyss større moglegheit enn staten for å kunne gjere heilskaplege tiltak knytt til takstar, tilbod med meir. Fylkeskommunen er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i eigen regi.
3. Hordaland fylkeskommune vil peika på at intensjonane med forvaltningsreforma var m.a. at ein skulle flytta avgjersmakta tettare mot brukaren og styrka det regionale nivået. I den pågåande

regionaliseringsprosessen er desse momenta ytterlegare forsterka. Ut frå dette meiner fylkeskommunen at det bør vurderast å leggja drifta av riksvegsambanda inn i dei nye regionane.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Statens vegvesen engasjerar seg i utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt. I rapporten og i tilrådingane er det peika på fleire område som bør utgreiast nærare. Hordaland fylkeskommune er positiv til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og legg til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løyving gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta. Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er føremålstenleg med ei forpliktande ferjedriftsstandard. Den einskilde fylkeskommune/innkjøpseining må stå fritt til å sjølv å ta avgjerd om tenleg driftsstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar.
2. Hordaland fylkeskommune har stått for innkjøp og drift av ferjetenestene på fylkesvegnettet sidan ein fekk overført ansvaret ved forvaltningsreforma i 2010. Ferjedrifta er viktig i Hordaland, og er eit sentralt politikkområde. Fylkeskommunen har gjennom sin kjennskap til lokale forhold, samt sitt ansvar for tilknytte vegsamband, kollektivtrafikk, båt og andre transporttenester slik som skoleskyss større moglegheit enn staten for å kunne gjere heilskaplege tiltak knytt til takstar, tilbod med meir. Fylkeskommunen er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i eigen regi.
3. Hordaland fylkeskommune vil peika på at intensjonane med forvaltningsreforma var m.a. at ein skulle flytta avgjerdsmakta tettare mot brukaren og styrka det regionale nivået. I den pågåande regionaliseringsprosessen er desse momenta ytterlegare forsterka. Ut frå dette meiner fylkeskommunen at det bør vurderast å leggja drifta av riksvegsambanda inn i dei nye regionane.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Statens vegvesen engasjerar seg i utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt. I rapporten og i tilrådingane er det peika på fleire område som bør utgreiast nærare. Hordaland fylkeskommune er positiv til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og legg til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løyving gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta. Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er føremålstenleg med ei forpliktande ferjedriftsstandard. Den einskilde fylkeskommune/innkjøpseining må stå fritt til å sjølv å ta avgjerd om tenleg driftsstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar.
2. Hordaland fylkeskommune har stått for innkjøp og drift av ferjetenestene på fylkesvegnettet sidan ein fekk overført ansvaret ved forvaltningsreforma i 2010. Ferjedrifta er viktig i Hordaland, og er eit sentralt politikkområde. Fylkeskommunen har gjennom sin kjennskap til lokale forhold, samt sitt ansvar for tilknytte vegsamband, kollektivtrafikk, båt og andre transporttenester slik som skoleskyss større moglegheit enn staten for å kunne gjere heilskaplege tiltak knytt til takstar, tilbod med meir. Fylkeskommunen er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i eigen regi.
3. Hordaland fylkeskommune vil peika på at intensjonane med forvaltningsreforma var m.a. at ein skulle flytta avgjerdsmakta tettare mot brukaren og styrka det regionale nivået. I den pågåande regionaliseringsprosessen er desse momenta ytterlegare forsterka. Ut frå dette meiner fylkeskommunen at det bør vurderast å leggja drifta av riksvegsambanda inn i dei nye regionane.

## **PS 288/16 Søknad om tilskot til ferjesambandet Breistein-Valestrand**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna løyva tilskot til drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand i 2016.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna løyva tilskot til drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand i 2016.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ber om at det kjem sak om pilotprosjekt for eit miljøprosjektknytt til hydrogenferje Valestrand-Breistein og korleis dette kan gå inn i eit offentleg forskning og utviklingsprosjekt.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Tomren trekte forslaget om utsetjing.

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart mot 5 røyster (H, Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna løyva tilskot til drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand i 2016.

## **PS 289/16 Barn som lever i fattigdom - tiltak**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at tiltak mot fattigdom mellom barn og unge vert ein del av arbeidet med regional planstrategi for Hordaland.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016**

**Beate Husa (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Nye punkt:

3. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske konsekvensar knytt til å utvide skysskortet til også å gjelde for 14- og 15-åringar, og sjå dette i samanheng med sonestrukturen.
4. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske og praktiske konsekvensar av å reinnføre transportordning til kulturopplevingar for skulane.»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at tiltak mot fattigdom mellom barn og unge vert ein del av arbeidet med regional planstrategi for Hordaland.
3. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske konsekvensar knytt til å utvide skysskortet til også å gjelde for 14- og 15-åringar, og sjå dette i samanheng med sonestrukturen.
4. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske og praktiske konsekvensar av å reinnføre transportordning til kulturopplevingar for skulane.

### Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.11.2016

**Tor Andre Ljosland, KrF**, sette fram slikt forslag:

«Nye punkt:

5. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske konsekvensar knytt til å utvide skysskortet til også å gjelde for 14- og 15-åringar, og sjå dette i samanheng med sonestrukturen.
6. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske og praktiske konsekvensar av å reinnføre transportordning til kulturopplevingar for skulane.»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at tiltak mot fattigdom mellom barn og unge vert ein del av arbeidet med regional planstrategi for Hordaland.
3. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske konsekvensar knytt til å utvide skysskortet til også å gjelde for 14- og 15-åringar, og sjå dette i samanheng med sonestrukturen.
4. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske og praktiske konsekvensar av å reinnføre transportordning til kulturopplevingar for skulane.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

**Kari Sørensen Bernardini (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Kan fylkesrådmannen komme tilbake med en oversikt over hvilke kulturinstitusjoner fylkeskommunen gir tilskudd til, og som kan egne seg for å utvikle gratistilbud, f.eks. en dag i uken for barnefamilier.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Saka vert sendt til ungdommens fylkesting/utval for uttale.
2. Hordaland fylkeskommune går i dialog med Bergen kommune om aktivitetskort for barn og unge.

Fylkesrådmannen kjem tilbake til fylkesutvalet med ei sak om korleis ein kan sjå for seg

moglegheita for å utvikle eit universelt aktivitetskort, gjerne i samarbeid med Bergen og andre kommunar.

Kortet kan gjerne innrettast som eit «kontantkort» eller «ungdomskort», poenget er at kortet ikkje skal vere stigmatiserande. Ingen skal sjå om det er NAV eller bestefar som har fylt på kortet. Rabattordningar må også vurderrast saman med evt. eksisterande fylkeskommunale tiltak.»

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at tiltak mot fattigdom mellom barn og unge vert ein del av arbeidet med regional planstrategi for Hordaland.
3. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske konsekvensar knytt til å utvide skysskortet til også å gjelde for 14- og 15-åringar, og sjå dette i samanheng med sonestrukturen.
4. Fylkesutvalet ber om sak på økonomiske og praktiske konsekvensar av å reinnføre transportordning til kulturopplevingar for skulane.
5. Saka vert sendt til ungdommens fylkesting/utval for uttale.
6. Hordaland fylkeskommune går i dialog med Bergen kommune om aktivitetskort for barn og unge.

Fylkesrådmannen kjem tilbake til fylkesutvalet med ei sak om korleis ein kan sjå for seg moglegheita for å utvikle eit universelt aktivitetskort, gjerne i samarbeid med Bergen og andre kommunar.

Kortet kan gjerne innrettast som eit «kontantkort» eller «ungdomskort», poenget er at kortet ikkje skal vere stigmatiserande. Ingen skal sjå om det er NAV eller bestefar som har fylt på kortet. Rabattordningar må også vurderrast saman med evt. eksisterande fylkeskommunale tiltak.

## **PS 290/16 Årleg lønsregulering for fylkesrådmannen**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner lønsreguleringa for fylkesrådmann Rune Haugsdal med ny årsløn kr. 1.601.000 pr. 1.5.2016. Vidare vert beredskapstillegget regulert til kr. 110.000 pr. år frå 1.5.2016.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016**

Fylkesrådmannen gjekk frå møtet under behandlinga av saka.

Fylkesdirektør for økonomi og organisasjon gjekk inn som fung. fylkesrådmann.

Møtet vart lukka etter kommunelova § 31 nr. 3.

**Pål Kårbø (KrF)** gjorde framlegg om Roald Kvamme og Pål Kårbø som medlemmer i forhandlingsutvalet.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som medlem.

### **Røysting**

Fylkesordføraren sitt forslag med forslaga frå Kårbø og Bjørkly vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner lønsreguleringa for fylkesrådmann Rune Haugsdal med ny årsløn kr. 1.601.000 pr. 1.5.2016. Vidare vert beredskapstillegget regulert til kr. 110.000 pr. år frå 1.5.2016.

Det vert valt følgjande medlemmer til forhandlingsutvalet

1. Roald Kvamme
2. Pål Kårbø
3. Mona Røsvik Strømme

## **PS 291/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet – 16. og 17.11.2016**

#### **Onsdag 16.11.2016**

Budsjettkonferanse. Fylkesrådmannen presenterte sitt forslag til budsjett.

#### **Torsdag 17.11.2016**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 264-269, 271-275, 270, 279, 276, 278, 280-290/16.

#### **OPEN TIME**

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Vil Hordaland fylkeskommune bidra til å sikre en trygg russefeiring? For eksempel ved å bidra til å finne gode samlingsarenaer for russefeiringen. For eksempel i samarbeid med Bergen kommune?»

Fylkesordføraren og fylkesrådmannen svarte at dei vil halde fram samarbeidet m.a. med Politiet og Statens vegvesen/Bilstilsynet om russefeiringa.

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Hordaland fylkeskommune må ta klar avstand frå narkotika. Kan fylkesutvalget vurdere en uttalelse angående dette frem mot fylkestinget i desember. Eventuelt invitere Politiet til å orientere fylkesutvalget om hvordan man forebygger og bekjemper narkotikakriminalitet?»

Fylkesordføraren vil vurdere korleis problemstillinga kan handterast.

#### **INNSEND SPØRSMÅL**

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Nye krav til oblat på fylket sine innfartsparkeringar hindrar no sykkelpendlarar frå Sotra frå å setja frå seg bilen på Storavatnet og Straume og sykla vidare til jobb i Bergen.

Fylkeskommunen har fjerna høvet for pendlarar frå bygdene på Sotra til å parkera på Straume og sykla vidare til byn. Frå 1. november av tok dei og vekk det alternativet ein hadde på Storavatnet.

Alle planar og vedtak både nasjonale, fylkeskommunale og kommunale seier at veksten i reiser skal takast med kollektiv, sykkel og gange. (NTP, klimaplan, RTP, osv.)

Kva er årsaka til dette?

Når og korleis kan dette ordnast opp i?

<http://www.vestnytt.no/aktuelt/Jobbsyklistar-stengd-ute-fra-pendlarparkering-531383.html>»

Fylkesordføraren svarte slik:

«11. mars 2015 vedtok fylkestinget i Hordaland strategi for innfartsparkering, der det heiter at etablering av innfartsparkeringsplassar er «eit av fleire verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken.» Målet med å tilby slik parkering er å auke talet på kollektivreisande.

For å ivareta dette målet er dei mest populære plassane for innfartsparkering berre opne for reisande med periodebillett og parkeringsoblat.

På Storavatnet vart det grunna utfordringar med kapasiteten innført oblatordning frå og me 1. november 2016, denne parkeringsplassen er såleis ikkje lenger tilgjengeleg for dei som vil parkere og sykle vidare.»

## **YMSE**

**Terje Søviknes (Frp)** foreslo at budsjettprosessen neste år vert noko endra, til dømes ved at det vert halde budsjettseminar før møtet i fylkesutvalet der budsjettet vert behandla. På budsjettseminaret kan for eksempel fylkesutvalet, gruppeleiarane og utvalsleiarane delta.

**Mona Røsvik Strømme (H)** ønskjer at ordninga med gruppeleiaringsamlingar vert innført igjen.